



Felles Landbrukskontor ÅLA

# Årsmelding 2017 og 2018



*Midtre Lærdal - Rå  
Foto: Magnhild Aspevik*

## **Innleiing**

Kommunane Årdal, Lærdal og Aurland har inngått avtale om administrativt vertskommune-samarbeid om Felles Landbrukskontor. Lærdal kommune er vertskommune. Samarbeidet starta 1.7.2007.

### *Organisering*

Kontoret er lokalisert på Lærdal rådhus, med eit kontor til disposisjon på rådhuset i Aurland. Lærdal kommune har arbeidsgjevaransvar for dei tilsette og ansvar for rekneskap.

Kostnadane med kontoret skal fordelast slik:

Årdal kommune 16 %, Lærdal kommune 54% og Aurland kommune 30 %

### *Tilsette i 2017 og 2018*

Magnhild Aspevik	landbrukssjef
Solgun Haugen	sakshandsamar
Marianne Nygård	sakshandsamar
Håvard Øyrehagen	prosjektleiar <i>Prosjekt sau og utmark og Prosjekt Sognalam</i>
Johanne Molland	sakshandsamar

Det er inngått avtale om å leiga oppgåver knytt til kommunal viltforvaltninga hjå Aurland Fjellstyre. Denne avtalen gjeld frå mai 2012. I 2017 har arbeidet vorte utført av Knut Fredrik Øi og Håkon Øydvin, Samla sum timar 619. I 2018 har arbeidet vorte utført av Knut Fredrik Øi med samla sum timar 855.

I meldingsåra har landbrukssjef Magnhild Aspevik delteke i arbeidsutvalet til Landbrukssekskapet i Sogn og Fjordane og vore ansvarleg for Lærdal kommune sitt arbeid med Skrantesjuka – CWD. Lærdal kommune har tilsett CWD-koordinator, og landbrukssjefen har det overordna ansvaret med dette arbeid. På grunnlag av ekstra arbeidsmengde og ekstern finansiering av CWD-arbeidet, er Johanne Molland tilsett i deltidsstilling som sakshandsamar på landbrukskontoret.

### *”Bygdeutviklingskontor”*

Mange viktige tema og saker er innom kontoret. Landbrukseigedomar og naturressursar er utgangspunkt for utvikling av ulike prosjekt som skapar aktivitet. Arbeidsdagane på kontoret er spennande og interessante. Me arbeidar med utfordringar som har mykje å seie for den enkelte og for utvikling av bygdene og kommunane. Dei tilsette på kontoret har stort nettverk og er eit bindeledd mellom dei tre kommunane både administrativ, politisk og på fag og grunneigarnivå. Kontoret har stort nettverk utanfor kommunane både innanfor frivillige lag og organisasjonar, og det offentlege. Nettverket er viktig for å marknadsføra og skapa gode kontaktar for saker me arbeidar med.

**Innhald**

1	Sakshandsaming .....	4
2	Tilskotsforvaltning.....	5
2.1	Sentrale ordningar .....	5
2.1.1	Produksjonstilskot i jordbruket .....	5
2.1.2	Velferdsordningane i jordbruket .....	6
2.1.3	Spesielle miljøtiltak i jordbruket - SMIL midlar.....	8
2.1.4	Tilskot til drenering av jordbruksjord .....	8
2.1.5	Regionalt miljøprogram for Sogn og Fjordane og organisert beitebruk .....	9
2.1.6	Investeringsmidlar til organisert beitebruk/Tilskot til tiltak i beiteområde .....	10
2.1.7	IBU-midlar gjennom Innovasjon Norge.....	10
2.1.8	Søknad om avlingssvikt.....	11
2.2	Lokale ordningar – tilskot og fond.....	12
3	Lov og regelverksforvaltning .....	15
3.1	Konsesjonslov, jordlov og lov om forpaktning.....	15
4	Skogbruk – diverse .....	15
4.1	Skog i Sogn.....	16
5	Viltlova.....	17
6	Lov om motorferdsel i utmark og i vassdrag .....	18
7	Naturmangfoldlova .....	18
8	Andre oppgåver og tiltak.....	19
8.1	Planarbeid .....	19
8.2	Verdsarv - Vestnorsk fjordlandskap - Nærøyfjordområde .....	19
8.3	Veterinærvakt.....	19
8.4	Verneområde.....	20
8.5	Utvalde kulturlandskap – Midtre Lærdal.....	20
8.6	Trua naturtypar.....	21
8.7	Utsiktsrydding .....	21
8.8	Arbeid med CWD – skrantesyuka.....	21
8.9	Informasjon .....	21
9	Prosjekt Sognalam .....	22
10	Prosjekt driveplikt.....	24

## 1 Sakshandsaming

Felles Landbrukskontor ÅLA gjer administrative vedtak (delegerte) og førebur saker for politisk handsaming.

**Tabell 1 Tal saker med vedtak handsama og førebudd for handsaming av Felles Landbrukskontor ÅLA 2017/2018**

Kommune	Årdal	Lærdal	Aurland	Tal vedtak adm/politisk
<b>Administrative vedtak 2017/2018</b>	10/8	37/36	49/54	86/90
<b>Politisk handsama 2017/2018</b>	6/7	12/17	15/16	27/33
<b>Tal saker pr kommune 2017/2018</b>	<b>16/15</b>	<b>49/53</b>	<b>64/70</b>	<b>113/123</b>

Kjelde: Arkiva Årdal, Lærdal og Aurland

**Tabell 2 Samlerapport for økonomiske verkemiddel som kontoret forvaltar**

Kva	Samla sum 2017 kr:	Samla sum 2018 kr:
Produksjonstilskot		
Avløysar refusjon sjukdom, ferie og fritid		
Manuelle utbetalingar	32 175 884	33 359 939
SMIL-midlar – løyvd tilskot	565 900	660 500
Tilskot til drenering	0	25 300
RMP-mildar	1 822 593	2 176 087
Investeringsmidlar til organisert beitebruk/ Tilskot til tiltak i beiteområde	129 800	188 600
Avlingsskade	280 450	3 550 161
IBU-midlar – løyvd tilskot	2 389 000	5 263 000
Årdal lokale tilskot 2017 og 2018		162 914
Lærdal lokale tilskot 2017 og 2018		2 161 655
Aurland lokale tilskot 2017 og 2018		1 165 257
Fellingsavgift – innkrevjing	376 100	239 279
Skog – diverse tilskot	1 820	111 900
Verdsarvmidlar	2 859 500	3 762 820
Veterinærvakta – driftstilskot og kommunalt tilskot	927 412	1 340 811
Trua naturtypar	587 250	741 300
Utvalde kulturlandskap – Midtre Lærdal	-	638 531
Utsiktsrydding	115 550	107 950
<b>Sum</b>	<b>42 231 259</b>	<b>55 656 004</b>

Kjelde: Felles Landbrukskontor ÅLA

## 2 Tilskotsforvaltning

### 2.1 Sentrale ordningar

#### 2.1.1 Produksjonstilskot i jordbruket

Tabell 3 Beløp utbetalt produksjonstilskot og avløysartilskot ÅLA 2017 og 2018

	Årdal	Lærdal	Aurland
Produksjonstilskot 2017/2018	1 218 359/ 1 306 064	15 683 282/16 447 706	10 246 889/ 11 015 526
Avløysartilskot 2017/2018	239 808/ 237 931	2 457 433/ 2 281 358	1 783 432/ 1 803 008
Totalt utbetalt 2017/2018	1 458 167/ 1 543 995	18 140 715/ 18 729 064	12 030 321/ 12 818 534
<b>Totalt utbetalt ÅLA 2017/2018</b>	<b>31 629 203/ 33 081 593</b>		

Kjelde: Landbruksdirektoratet og Felles Landbrukskontor ÅLA

Auke i utbetaling frå 2017 til 2018 skuldast truleg endringar i regelverket for utbetaling av produksjonstilskot. For sau får ein no tilskot for alle dyr over 1 år, ikkje berre vaksne dyr. Tilskot til Bevaringsverdige husdyrrasar er flytta frå RMP til produksjonstilskot og utvida til fleire husdyrrasar.

Tabell 4 Beløp og tal søknadar som er utbetalt manuelt i samband med søknad om produksjonstilskot ÅLA 2017

	Årdal	Lærdal	Aurland
Manuell utbetalingar 2017	-	194 248	84 351
Tal saker total	6		

Kjelde: Felles Landbrukskontor ÅLA

I 2017 var det ein klage der Fylkesmannen i Sogn og Fjordane Landbruksavdelinga gjorde om vedtaket til kommunen om etterbetaling av tilskot. Same året var det 1 sak om krav om tilbakebetaling av produksjonstilskot i ÅLA. Her vart det kravd inn kr 2 484,- grunna feil i tal dyr på beite

Tabell 5 Oversikt over tal søknadar om produksjonstilskot og tal kontrollar i ÅLA 2017 og 2018

	Årdal	Lærdal	Aurland
Januar 2017	9	84	55
Mai 2017/ Mars 2018	7/7	64/62	56/57
Oktober 2017/2018	10/10	97/99	63/61
<b>Totalt tal søknadar om produksjonstilskot 2017/2018</b>	<b>26/17</b>	<b>245/161</b>	<b>174/118</b>
Tal kontrollar januar 2017	1	5	3
Tal kontrollar mai 2017/mars 2018	0/0	0/5	0/1
Tal kontrollar oktober 2017/2018	1/1	9/7	7/3
<b>Totalt tal kontrollar 2017/2018</b>	<b>2/1</b>	<b>14/12</b>	<b>10/4</b>

Kjelde: Landbruksdirektoratet og Felles Landbrukskontor ÅLA

Frå 2017 vart det innført nytt søknadssystem for søknad om produksjonstilskot i jordbruket og avløyning ved ferie og fritid.

Det vart mykje jobb for landbruksforvaltninga med det nye søknadssystemet fyrste året då alt var heilt nytt for søkjarar og landbruksforvaltninga, både nye datoar for å registra søknad og sjølv programmet for registrering av søknad. Det har gått med mykje tid til å hjelpa søkjar med å registrera/senda inn søknaden og sjølv handsaminga/kontrollen av søknadane.

## 2.1.2 Velferdsordningane i jordbruket

### *Avløyasing ferie og fritid*

Refusjonsordning som går innunder søknad om produksjonstilskot. Avløysartilskot ferie og fritid som er utbetalt i 2017 er refusjon av utgifter til avløysar i 2016. Utbetalt i 2018 er utgifter til avløysar i 2017. For beløp sjå tabell 3.

### *Avløyasing ved sjukdom m.v.*

Avløyasing ved sjukdom m.v. er ei refusjonsordninga der ein gardbrukar kan få tilbakebetalt utgifter til avløysar i samband med t.d. eigen sjukdom med sjukmelding.

**Tabell 6 Oversikt over tal saker og utbetalt beløp i samband med søknad om tilskot til avløyasing ved sjukdom m.v i ÅLA 2017 og 2018**

	Årdal	Lærdal	Aurland
<b>Utbetalt beløp 2017/2018</b>	-	128 828/ 229 434	141 738/ 48 912
<b>Total saker 2017/2018</b>			14/10

Kjelde: FMLA

### *Tidlegpensjon i jordbruket*

Dette er ei ordning som jordbrukarar som har fylt 62 år og som har drive jordbruk i minst 15 år kan søkja på. Det er krav om at det må ha vore eit eigarskifte, og det er bestemte krav til inntekt i ein referanseperiode på fem år.

Felles Landbrukskontor ÅLA har handsama 2 søknadar om tidlegpensjon i jordbruket i ÅLA i 2017 og 2018.



*Ku på beite – Ohnstad  
Foto: Magnhild Aspevik*

### 2.1.3 Spesielle miljøtiltak i jordbruket - SMIL midlar

SMIL-midlane er midlar frå landbruksoppgeret som vert fordelt til kvart fylke. Fylkesmannen fordeler midlane vidare til kommunane. Kommunen er ansvarleg for forvaltning av midlane etter gjeldande forskrift og lokal tiltaksstrategi for SMIL-midlar. Kommunane våre har felles tiltaksstrategi som gjeld for perioden 2017 -2020.

**Tabell 7 SMIL-midlar tal, søknadar og midlar til fordeling i Årdal, Lærdal og Aurland 2017/2018**

Kjelde: Felles Landbrukskontor ÅLA

	<b>Årdal</b>	<b>Lærdal</b>	<b>Aurland</b>	<b>Sum</b>
Tal søknadar total	2/5	11/11	10/17	23/ 33
Søknadssum totalt	153 900/ 1 180 000	791 753/ 995 819	591 009/ 616 150	1 536 662/ 2 7 91 969
Tal løyvde søknader	2/3	11/10	6/14	19/27
<b>Løyvd tilskot</b>	97 500/ 97 500	234 000/ 268 000	234 400/ 295 000	<b>565 900/ 660 500</b>

### 2.1.4 Tilskot til drenering av jordbruksjord

Det kan gjevast tilskot til drenering av tidlegare grøfta jordbruksareal eller planert areal som ikkje tidlegare er grøfta.

I meldingsåra er det gjeve tilskot til to prosjekt i Aurland kommune.

Samla løyving: kr 25 300

### 2.1.5 Regionalt miljøprogram for Sogn og Fjordane og organisert beitebruk

”Regionalt miljøprogram for Sogn og Fjordane skal stimulera til å ta vare på og utvikle det opne og særmerkte kulturlandskapet i fylke. Tilskota i miljøprogrammet er til liks med nasjonale produksjonstilskot ei årleg driftstøtte til føretak i drift som oppfyller visse vilkår. Tilskota i miljøprogrammet skal fungere som betaling for miljøvennlege driftsformer og produksjon av miljøgode for samfunnet” (kjelde Rettleingshefte 2017)

**Tabell 8 Oversikt over utbetalingar i 2017 og 2018 for dei ulike ordningane innan Regionalt miljøprogram for Sogn og Fjordane i ÅLA inkl. driftstilskot organisert beitebruk etter søknadsomgangen i 2016 og 2017**

Tilskotsordning	Årdal 2016/2007	Lærdal 2016/2017	Aurland 2016/2017
Drift av enkeltstøl og fellesstøl med mjølkeproduksjon	-/ -	60 000/ 120 000	300 000/ 540 000
Skjøtsel av bratt areal	10 485/ 11 218	60 168/ 64 468	434 325/ 466 044
Beite av lokalt verdifulle jordbrukslandskap	-/ -	24 960/ 24 320	21 440/ 34 560
Beite i utmark (verneområde)	4 600/ -	6 700/ 5 500	165 450/ 159 800
Skjøtsel av gravminne	5 000/ 5 000	3 000/ 3 500	4 000/ 4 500
Skjøtsel av bakkemurar, trekkjer, skigardar	14 661/ 15 363	235 287/ 241 677	81 711/ 81 621
Skjøtsel av styvingstre	-/ -	13 350/ 13 350	16 050/ 15 300
Drift av beitelag	16 784/ 16 792	78 744/ 84 040	47 768/ 49 824
Slått av biologisk verdifulle areal	-/ -	30 740/ 39 440	56 840/ 56 840
Beite av biologisk verdifulle areal	-/ -	105 640/ 98 040	24 890/ 24 890
<b>Tal søknadar som har fått utbetaling</b>	<b>8/ 7</b>	<b>43/42</b>	<b>53/ 54</b>
<b>Totalt utbetalt for søknadsomgangen</b>	<b>51 530/ 48 373</b>	<b>618 589/ 694 335</b>	<b>1 152 474/ 1 433 379</b>

Kjelde: Landbruksdirektoratet (eStil)

**Tabell 9 Tal søknadar på Regionalt miljøprogram Sogn og Fjordane i 2017 og driftstilskot til organisert beitebruk i ÅLA i 2017 og 2018**

	Årdal	Lærdal	Aurland
Tal søknadar på RMP i 2017/2018	6/7	42/40	51/50
Søknadar organisert beitebruk 2017/2018	2/2	1/1	4/3
<b>Totalt tal innkomne søknadar 2017/2018</b>	<b>8/9</b>	<b>43/41</b>	<b>55/53</b>
Tal kontrollar totalt 2017/2018			7/6

Kjelde: Felles Landbrukskontor ÅLA

### 2.1.6 Investeringsmidlar til organisert beitebruk/Tilskot til tiltak i beiteområde

Søknadar vert handsama og tilrådd av kommunen. Fylkesmannen godkjenner og løyver midlar. Kommunen godkjenner tiltak og tilrår utbetaling.

**Tabell 10 Oversikt over tildeling av "Tilskot til tiltak i beiteområde" og FKT-midlar i ÅLA 2017 og 2018**

	Beitelag	Tiltak	Tilskot 2017	Tilskot 2018
Årdal	Naddvik beitelag	E-bjøller	15 900	5 200
	Ofredal beitelag	Radiobjøller/E-bjøller	14 400	40 000
	Ofredal beitelag	Gjeting – avslag	0	
	Ofredal beitelag	Innleige til kadaverhundsøk, FKT midlar		6 000
	Ofredal beitelag	Samlekve		20 500
Lærdal	Lærdal sankelag	E-bjøller	72 900	62 800
		E-bjøller, FKT-midlar	20 000	20 000
		Grinder til samlekve		10 400
Aurland	Austfjelli beitelag	E-bjøller	6 600	9 600
	Vestfjelli beitelag	Innkjøp av drone – avslag	0	
	Stemmerdalen sankelag	E-bjøller		14 100
	<b>Samla sum</b>		<b>129 800</b>	<b>188 600</b>

Kjelde: FMLA

FKT( Forebyggjande- og konfliktdempande tiltak)-midlar vert løyvd av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane ved Miljøvernavdelinga.

### 2.1.7 IBU-midlar gjennom Innovasjon Norge

Kontoret har ei viktig informasjonsrolle for dei som ynskjer å søkje om IBU-midlar. Søkjarar er, som oftast, i kontakt med kontoret før søknad vert sendt inn. Kommunen v.

landbruksforvaltninga må gje uttale til innleverte søknadar, før handsaming hjå Innovasjon Norge. Kommunen godkjenner ferdige prosjekt og tilviser løyvde midlar.

**Tabell 11 IBU-midlar tildelt gjennom Innovasjon Norge fordelt på kommune, tiltak og tilskot 2017.**

Kommune	Søkjar	Formål	Tilskot
Lærdal	Johannes Hunderi	Investeringsstilskot - eple	220 000
	Jonas Lysne	Investeringsstilskot – moreller	227 000
	Jonas Lysne	Investeringsstilskot – reetablering av dekkssystem moreller	159 000
	Kari Sigrun Lysne	Investeringsstilskot – moreller	187 000
	Kari Voll	Investeringsstilskot – moreller	227 000
	Kari Voll	Investeringsstilskot – reetablering av dekkssystem moreller	159 000
	Ola Petter Bøe	Investeringsstilskot – moreller	112 000
	Olav Ødegård	Investeringsstilskot – eple	103 000
	Rikard Lysne	Investeringsstilskot – moreller	227 000
	Rikard Lysne	Investeringsstilskot – reetablering av dekkssystem moreller	159 000
	Anders Voll Eltun	Investeringsstilskot - moreller	227 000
	Frigard AS	Investeringsstilskot – dekkssystem bringebær	320 000
	Frigard AS	Bedriftsutvikling – "Frigard Berrygood Dekkesystem"	62 000
<b>Sum</b>			<b>2 389 000</b>

Kjelde: Innovasjon Norge

Tabell 12 IBU-midler tildelt gjennom Innovasjon Norge fordelt på kommune, tiltak og tilskot 2018

Kommune	Søkjjar	Formål	Tilskot
Aurland	Einar Lie	Etablerarstipend – utviklingsfase	100 000
	Sogn jord-og hagebruksskule	Kompetansenettverk Lokalmat Vest	2 265 000
Lærdal	Jonas Lysne	Bedriftsutviklingstilskot – jordbær	40 000
	Lærdal Grønt SA	Bedriftsutviklingstilskot – studietur	160 000
	Rikard Lysne	Bedriftsutviklingstilskot – jordbær	40 000
	Anders Voll Eltun	Investeringstilskot – nytt dekkessystem moreller	159 000
	Gro Natvik Henriksen	Investeringstilskot – eple	160 000
	Harald Blaaflat Mundal	Investeringstilskot – eple og aprikos	133 000
	Oddgeir Bøe	Investeringstilskot – eple	100 000
	Per Øvrevoll	Investeringstilskot – nytt dekkessystem moreller	72 000
	Ivar Raa	Investeringstilskot – nytt kjølelager	500 000
	Agro Tech Mark Brooks	Investeringstilskot – moreller	440 000
	Andres Øye	Investeringstilskot – nytt dekkessystem moreller	200 000
	Fredrik Grov Hestetun	Investeringstilskot – eple	94 000
	Jonas Lysne	Investeringstilskot – moreller	60 000
	Kari Voll	Investeringstilskot – moreller	60 000
	Jonas Lysne	Investeringstilskot – jordbær ”Table-top”	260 000
	Oddgeir Bøe	Investeringstilskot – nytt dekkessystem moreller	100 000
	Rikard Lysne	Investeringstilskot – moreller	60 000
	Rikard Lysne	Investeringstilskot – jordbær ”Table-top”	260 000
<b>Sum</b>			<b>5 263 000</b>

Kjelde: Innovasjon Norge

### 2.1.8 Søknad om avlingssvikt

Jord- og hagebruksføretak kan søkja om erstatning for betydeleg avlingssvikt som er forårsaka av klimatiske forhold som det ikkje er mogeleg å sikra seg mot.

Felles Landbrukskontor ÅLA har handsama totalt 4 søknadar om avlingssvikt i ÅLA i 2017. Utbetalt kr 280 450,-. Det er fylkesmannen som tek endeleg avgjerd i desse sakene.

2018 var ekstremt utfordrande værmessig. Ein kald og sein vår med tele i jorda turka ut stengler og knoppar i bringebærfelta i Lærdal. Fleire bringebærfelt i Lærdal hadde store skader og sterkt redusert avling, viss ein i det heile teke hadde avling å hausta.

Den turraste og varmaste somaren på mange år etterfølgt av regn i heile september gjorde det utfordrande å få hausta grovfôret i 2018. Hjø dei som ikkje har moglegheit for vatning svei det meste bort. Sjølv for dei som har vatningsanlegg, vart det svært utfordrande å vinna over alt areal.

ÅLA-kommunane fekk i 2018 inn 39 søknadar om avlingsskade på grovfôr, og 10 søknadar om avlingsskade på bringebær/moreller i Lærdal.

Det har vore veldig mykje jobb for kontoret med desse søknadane i 2018, både med hjelp til innsending av søknad, etterlysing av opplysningar/dokumentasjon og sjølv handsaminga. Kommunen har i tillegg vore ute og kontrollert fôrlager på 10 % av søknadsbruka.

Tabell 13 Tal søknadar avlingsvikt i ÅLA i 2018

	Årdal	Lærdal	Aurland
Grovfôr	2	19	18
Frukt/bær	-	10	-
<b>Totalt tal innkomne søknadar</b>	<b>2</b>	<b>29</b>	<b>18</b>
<b>Totalt ÅLA</b>	<b>49</b>		

Kjelde: Felles Landbrukskontor ÅLA/Landbruksdirektoratet

Tabell 14 Utbetaling avlingsvikt i ÅLA i 2018

	Årdal	Lærdal	Aurland
Grovfôr	70 354	1 544 999	864 771
Frukt/bær	-	1 600 771	-
<b>Total utbetalt</b>	<b>70 354</b>	<b>2 615 036</b>	<b>864 771</b>
<b>Totalt ÅLA</b>	<b>3 550 161</b>		

Kjelde: Felles Landbrukskontor ÅLA/Landbruksdirektoratet

## 2.2 Lokale ordningar – tilskot og fond

### Årdal

#### Årdal landbruksfond (jordfond)

Saldo pr 31.12.2018: kr 342.404

- Innbetaling – renter 2017: 3.038
- Innbetaling – renter 2018: 3.677

Fondskapitalen skal vere på kr 325 000, og fondet har difor pr dato lite midlar å dele ut.

#### Viltfond

Saldo pr 31.12.18: kr 197 809

- Innbetaling fellingsavgift for 2017: kr 55 240
- Innbetaling – renter i 2017 og 2018: kr 4 397
- Utbetaling til Lærdal kommune: 1 725
- Utbetalingar til Årdal Jeger og fisk – ettersøksringen: kr 61 189
- Utbetling til Årdal hjort- og elgutval: kr 75 000

#### Fiskefond

Saldo pr 31.12.18: kr 3 006 915

- Innbetaling frå Østfold energi: kr 245 269
- Innbetaling – renter: kr 57671

*Fond for vilt, fisk og friluftsliv*

Saldo: 31.12.2018: kr 891 238

- Innbetaling frå Hydrao Aluminium AS: kr 104 568
- Innbetaling – renter: 17125
- Utbetaling til Vest - Jotunheimen villreinutval: kr 25 000

**Lærdal**

*Nærings og konsesjonsavgiftsfondet - løyvde midlar i 2017 og 2018:*

*Mjølkekvotar*

- Kjøp av mjølkekvotar: 5 søknadar fekk løyvd tilskot på til saman kr 416 588

*Tilskot eigarskifte gardsbruk*

- Eigarskifte gardsbruk: 3 søknadar fekk løyvd tilskot på til saman kr 150 000
- Ein søknad om tilskot til eigarskifte gardsbruk fekk avslag

*Andre landbruksrelaterte løyvingar*

- Prøveplanting eple: 1 søknad fekk løyvd tilskot på kr 156 000
- Investering driftsbygning: 1 søknad fekk løyvd tilskot på kr 100 000
- Prosjekt ”Sognalam” fekk løyd tilskot på kr 210 000
- Kompetanseutvikling: 1 søknad fekk løyvd tilskot på kr 25 000
- Ombygging fjøs: 3 søknadar fekk løyvd tilskot på til saman kr 274 000
- Andre investeringar: 2 søknadar fekk løyvd tilskot på til saman kr 339 000

*Viltfond 2017 og 2018*

Saldo pr 31.12.18: kr 209 953

- Utbetalingar: Årdal Jeger og Fisk – ettersøksring: kr 136 900
- Utbetaling hjortegjerde: kr 48 883
- Skilt til ettersøksringen: kr 2 700
- Bestandsplanarbeid: kr 84 960
- Lærdal hjorteutval: kr 50 000
- Innbetaling- fellingsavgift for 2017: kr 245 150
- Innbetaling - sal av hjortekjøtt og kursavgift: kr 14 829
- Utbetalingar: Årdal Jeger og Fisk – ettersøksring: 17 000
- Utbetaling hjortegjerde: kr 13 452
- Viltbehandlingsanlegg: 50 000
- Bestandsplanarbeid: 16 754
- Innbetaling- fellingsavgift for 2018: kr 143 919

*Fiskefond 2017 og 2018*

Fiskefond II saldo pr 31.12.18: kr 1 672 222

- Utbetaling - settefisk: kr 9 350
- Lærdal Jeger og Fisk – tilskot: kr 12 850
- Fiskeprosjekt i skulen – tilskot: kr 3 868
- Innbetaling frå Østfold Energi 2017: kr 206 158
- Utbetaling - settefisk: kr 31 700
- Lærdal Jeger og Fisk – tilskot: kr 12 650
- Innbetaling frå Østfold Energi 2018: kr 206 158

**Aurland**

*Viltfond 2017 og 2018*

Saldo pr 31.12.18: kr 100 714

- Utbetalningar til Aurland ettersøkingssring: kr 25 633
- Bestandsplanarbeid: kr 20 785
- Hjortegjerde: kr 2 453
- Utbetaling Aurland hjorteutval: kr 25 000
- Innbetaling fellingsavgift for 2017: kr 75 710
- Utbetalningar til Aurland ettersøkingssring kr 77 719
- Hjortegjerde: kr 2 236
- Viltbehandlingsanlegg - tilskot: kr 20 000
- Utbetaling Aurland hjorteutval: kr 25 000
- Raudafjell – etablering: 5 000
- Sal av viltkjøt: kr 2 796
- Innbetaling fellingsavgift for 2018: kr 48 440

*Skotpremie*

Skotpremie på rev og mink i Aurland. Kontoret tilvisar skotpremie, mot framlagd ”bevis”.

I 2017 vart det utbetalt kr 13 500 (27 revar)

I 2018 vart det utbetalt kr 21 100 (42 revar og 1 mink)

*Konsesjonsavgiftsfondet*

Det er i meldingsåra gjeve støtte til kjøp av mjølkekvotar, nydyrking, viltbehandlingsanlegg, ystekurs og jordbær dyrking.

Løyvingar til landbruksformål 2017: kr 414 085

Løyvingar til landbruksformål 2018: kr 509 950

### 3 Lov og regelverksforvaltning

#### 3.1 Konesjonslov, jordlov og lov om forpaking

##### *Konesjon og buplikt*

Konesjonslova skal regulere og kontrollere omsetning av fast eigedom for å oppnå eit effektivt vern om landbruket sitt produksjonsareal og sikre eigar og brukstilhøve som er mest gagnleg for samfunnet. Kommunane si oppgave er å handsame søknadar om konesjon på erverv av fast eigedom, følgje opp eigedomar med buplikt m.m. Dette viser seg ofte å vere arbeidskrevjande og komplekse saker som tek lang tid å handsame.

##### *Jordlova med forskrifter*

Formålet til jordlova er å legge tilhøva slik til rette for at jordviddene i landet med skog og fjell og alt som høyrer til kan verte brukt på den måten som er mest gagnleg for samfunnet og dei som har yrket sitt i landbruket.

Det er driveplikt på alt jordbruksareal, dersom ein ikkje kan driva arealet sjølv kan det drivast av andre gjennom avtale om utleige.

##### *Lov om forpaking*

Jf. lov om forpaking skal avtaler om forpaking leggjast fram for kommunen for godkjenning.

**Tabell 15 Tal saker jordlov, konesjonslov og lov om forpaking i ÅLA i 2017 og 2018**

	Årdal	Lærdal	Aurland
Konesjon	1/1	2/4	3/7
Driveplikt §8a – dispensasjon avtaletidspunkt	0/2	1/1	1/1
Driveplikt §8a – fritak driveplikt	0/0	0/3	0/0
Omdisponering §9	0/0	0/0	0/2
Deling §12	2/3	2/4	3/4
Nydyrking	0/0	0/1	4/0
Søknad om utsett frist for spreing av husdyrgjødsel	2/1	4/5	2/4
Forpaking	0	0	0/1
<b>Sum</b>	<b>5/7</b>	<b>9/18</b>	<b>13/19</b>

Kjelde: ACOS, Felles Landbrukskontor ÅLA

### 4 Skogbruk – diverse

Følgjande tal syner aktiviteten i skogbruket i 2017/2018:

**Tabell 16 Skog avverking i Aurland og Lærdal i m3 og kroneverdi**

	Aurland		Lærdal	
	tal/m <sup>3</sup>	kr	tal/m <sup>3</sup>	kr
Gran/Furu industrivirke	0/2	0/489	1145/7337	344.735/2.885.209
Juletre			1595//233	425.090/81.330
<b>Total verdi</b>		<b>0/489</b>		<b>769.825/2.966.539</b>

Kjelde: FMLA

Tabell 17 Skogfond innbetalinger i Aurland og Lærdal.

	Aurland		Lærdal	
	Innbetaling 2018	Bruttoverdi	Innbetaling 2017/2018	Bruttoverdi
<b>Skogfond</b>	0/20	<b>39.972</b>	144.894/875.562	<b>1.008.156</b>

Kjelde: FMLA

Tabell 18 Skogkultur

	Lærdal – søknad	
	tal/m <sup>3</sup>	Tilskot kr
NMSK-midler	-	-
Juletre	500/660	0/0
Plantekjøp	-	-
<b>Total verdi</b>	-	-

Kjelde: FMLA

Tabell 19 Tilskot til drift i bratt terreng i Årdal, Lærdal og Aurland 2017/2018

	Årdal	Lærdal	Aurland:
<b>Driftstilskot (LUF)</b>	0/0	1820/111.900	0/0

Kjelde: Fylkesmannen

#### 4.1 Skog i Sogn

Frå juli 2017 gjekk Felles Landbrukskontor ÅLA med i eit skogfagleg samarbeid, *Skog i Sogn*. Kontoret har med dette knytt til seg skogbruksfagleg kompetanse med Jørgen Hundseth som ansvar for landbruksvegar og Arne Kristian Borger med ansvar for ØKS-systemet og Skogfondsystemet. Samarbeidet gjeld alle kommunane frå Høyanger og innover.

Det var forsøkt å arrangere eit motorsagkurs for ei gruppe på fem kvinner men desse klarte ikkje å ta seg fri kvardagar, men ville ha kurset på laurdag. Det vart difor ikkje mogeleg å få realisert. Det har vore godkjenning av juletrefelt i Årdal i samband med tilskot frå Innovasjon Norge og synfaring for hogstvurdering av gran i same kommune. Det er dessutan arbeid ein del med einssilde vegar i dei tre kommunane. Det er sendt inn søknad om statstilskot for eit veganlegg i Lærdal.

Landbruksvegar – arbeid utført av Skog i Sogn

Kommune	Saker til handsaming	Godkjende byggeløyve	Ferdiggodkjenning
Årdal	1		
Lærdal	7	4	1
Aurland	5	3	1

## 5 Viltlova

### *Fellingsløyve elg/hjort/rådyr*

Fellingsløyve vert tildelt etter administrativt vedtak i samsvar med forvaltningsplan for hjortevilt (for elg) og etter godkjend bestandsplan for hjort for Lærdal bestandsplanområde, Aurland bestandsplanområde og Årdal bestandsplanområde.

**Tabell 19 Tildelte fellingsløyve, fellingsresultat og fellingsavgift i ÅLA 2017**

	Tildelte fellingsløyve			Felt i ordinær			Fellingsavgift
	Elg	Hjort	Rådyr	Elg	Hjort	Rådyr	
Årdal	12	212	-	4	177	-	55 240
Lærdal	27	1123	1	9	785	1	245 150
Aurland	20	300	-	10	234	-	75 710
<b>Samla</b>	<b>59</b>	<b>1635</b>	<b>1</b>	<b>23</b>	<b>1196</b>	<b>1</b>	<b>376 100</b>

Kjelde: Viltforvaltninga i ÅLA

**Tabell 21 Tildelte fellingsløyve, fellingsresultat og fellingsavgift i ÅLA 2018**

	Tildelte fellingsløyve			Felt i ordinær			Fellingsavgift
	Elg	Hjort	Rådyr	Elg	Hjort	Rådyr	
Årdal	12	212	-	1	151	-	46 920
Lærdal	60	1435	1	11	437	0	143 919
Aurland	20	382	-	3	151	-	48 440
<b>Samla</b>	<b>92</b>	<b>2029</b>	<b>1</b>	<b>15</b>	<b>739</b>	<b>0</b>	<b>239 279</b>

Kjelde: Viltforvaltninga i ÅLA

### *Oppfølging fallvilt*

Felles Landbrukskontor ÅLA får opplysningar om fallvilt frå ettersøksringane, politiet, vegvesenet, kontraktørar og publikum. Kontoret har ansvaret for å registrera fallvilt i Hjorteviltregisteret og senda inn rapport til SSB. Me jobbar kontinuerleg med oversikten og nyttar denne til å jobba førebyggjande mot hjort-trafikk. Nytt av 2017 er hjortegjerde på Fodnes, frå kaia og fram til tunnelen og vidare ned til Svartagjel. Tiltaket er på initiativ frå viltforvaltninga i ÅLA, men finansiert og sett opp av vegvesenet.

I tillegg vart det i 2018 sett opp hjortegjerde på Ljøsne, i svingen fram mot «Gamlavekti». Tiltaket var eit samarbeid med Statens Vegvesen, kor kommunal viltforvaltning stod for planlegging og vegvesenet stod for oppsetjing/finansiering/eigarskap.

**Tabell 22 Fallviltregistreringa ÅLA jaktåret 2017/2018(1.april – 31.mars)**

	Årdal	Lærdal	Aurland
Påkøyrde hjort/rådyr/elg	11/8	47/60	2/9
Andre årsaker hjort/rådyr/elg	4/8	34/67	6/22
<b>Totalt tal registrerte fallvilt for jaktåret 16/17 og jaktåret 17/18</b>	<b>15/16</b>	<b>81/127</b>	<b>8/31</b>

Kjelde: Felles Landbrukskontor ÅLA

**Jegerprøve og kurs**Jegerprøveeksamen 2017:

Lærdal: 1 eksamen - 5 kandidatar Aurland: 2 eksamenar - 17 kandidatar

Jegerprøveeksamen 2018:

Årdal: 1 eksamen - 26 kandidatar Lærdal: 4 eksamenar - 14 kandidatar

Kurs

Eit feltkontrollørkurs i 2017 med 14 deltakarar, og eit feltkontrollørkurs i 2018 med 14 deltakarar.

**6 Lov om motorferdsel i utmark og i vassdrag**

Kommunane kan gje dispensasjon frå forbod mot motorferdsel i utmark og i vassdrag. Dispensasjon vert gjeve i medhald av lov, forskrift og lokale retningsliner.

**Tabell 23 Tal dispensasjonar til motorferdsel i utmark pr kommune i 2017 og 2018.**

	Årdal	Lærdal	Aurland
<b>Snøscooter/Helikopter/fly</b>	3	29	63

Kjelde: Felles Landbrukskontor ÅLA

**7 Naturmangfoldlova**

Dei miljørettslege prinsippa skal vurderast i alle saker som kan verke inn på mangfaldet i naturen. I vedtak som gjeld bruk av areal og som kan verke inn på naturen, skal §§ 8-12 i lova vere vurdert. Dersom dette ikkje er gjort, er det sakshandsamingsfeil.

Felles Landbrukskontor ÅLA nyttar Naturmangfoldlova i fylgjande saker:

- Motorferdsel i utmark,
- Landbruksvegar
- Viltforvaltning – tildeling av fellingsløyve og godkjenning av vald
- Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket - SMIL-søknadar
- Søknad om nydyrking
- Utsett frist for spreining av husdyrgjødsel
- Jordlova – omdisponering §9 og frådeling §12

## 8 Andre oppgaver og tiltak

### 8.1 Planarbeid

Felles Landbrukskontor ÅLA har medverknad, kjem med innspel og deltek i planprosessar for m.a. fylgjande planar:

*Regionalplanar, Kommuneplanar, Reguleringsplanar, Forvaltningsplanar, Skjøtselsplanar, Verneplanar og Næringsplanar*

Kontoret utarbeidar òg eigne planar, og deltek i utarbeiding av planar som gjeld tiltak på gardsbruk og i utmark.

I meldingsåra har kontoret, saman med landbruksnæringsa, utarbeida *Landbruksplan ÅLA 2018-2021*.

### 8.2 Verdsarv - Vestnorsk fjordlandskap - Nærøyfjordområde

Kontoret har arbeid opp mot verneområdestyre for Nærøyfjorden, Nærøyfjorden Verdsarvpark, Verdsarvrådet for vestnorsk fjordlandskap og verdsarvbøndene.

*Driftsmidlar* utbetaling til verdsarvbønderen i Nærøyfjordområde (kommunane Aurland, Voss, Vik og Lærdal):

2017: kr 2 481 500 og 2018: kr 2 935 455

*Løyvde midlar til andre tiltak:*

2017: kr 378 000 og 2018: kr 827 365

Kontoret samarbeida med Fylkesmannen for kontroll og oppfølging av desse midlane. Alle gardsbruka som har driftssenter innanfor verdsarvområde, får gardsbesøk kvart år.

Landbrukssjefen deltek òg på møte som gjeld forvaltning av «verdsarvområde», både i saker som gjeld i verneområda og utanfor verneområda.

### 8.3 Veterinærvakt

Felles Landbrukskontor ÅLA tilviser løyvde statlege og kommunale midlar til veterinærvakta i vaktistrikt Årdal, Lærdal og Aurland 2017 / 2018. Veterinærvakta er tredelt.

Statleg vakt og administrasjonstilskot: kr 807 417 / 825 811

Stimuleringstilskot: kr 120 000 / 140 000

Kommunalt tilskot på dagtid i 2018: kr 375 000

Kontaktpunkt mellom veterinærane og kommunen er via landbrukskontoret.

I meldingsperioden har det vore jobba med å få på plass veterinærar til vaktordninga. Det er ei utfordring for vaktistriktet å få på plass ei stabil ordning med faste veterinærar.

Kommunane har no gått saman om å finansiere ei støtteordning gjeldane for åra 2018 t.o.m. 2021, med vaktgodgjerung på dagtid.

## 8.4 Verneområde

Dei tre kommunane har fleire verneområde:

Bleia naturreservat, Bleia og Storebotn landskapsvernområde, Hallingskarvet nasjonalpark, Grånosmyrane naturreservat, Jotunheimen nasjonalpark, Kvitingsmorki naturreservat, Norheimsdalen naturreservat, Nærøyfjorden landskapsvernområde og Utladalen landskapsvernområde

Kontoret er involvert i ulike saker som gjeld forvaltning av verneområde. Her kan nemnast uttale i samband med byggeløyve, utarbeiding av skjøtelsplanar og handsaming og forvaltning av offentlege tilskotsmidlar.



*Holmo i Nærøyfjorden Foto: Magnhild Aspevik*

## 8.5 Utvalde kulturlandskap – Midtre Lærdal

I 2018 fekk Lærdal status som *Utvalde kulturlandskap Midtre Lærdal*. I 2018 er det løyvd 1 million i statsstøtte til område.

Kr 638 531 av midlane er nytta til innkome tiltak som er delt inn i fylgjande:

- Restaurering - kulturminne og kulturlandskapselement
- Skjøtsel og rydding av areal etter kostnadsoverslag
- Gjerdeprosjekt
- Areal skjøtsel

Restsum med kr 311 469, er nytta til utarbeiding av skjøtselplan, deltaking i nettverk, reiser og møtemat.

## 8.6 Trua naturtypar

Det er Fylkesmannen i Sogn og Fjordane som har ansvar for tilskotsordninga til trua naturtypar, landbrukskontoret er ein samarbeidspart. I våre kommunar finn me trua naturtypar på høgdegarden Ryum og Vidme i Flåmsdalen og i Dyrdal i Aurland. I Lærdal er der trua naturtypar på Ekrene, Nese, Raa, Molde og Indre Frønningen.

Samla utbetaling i 2017 / 2018:

Lærdal: 187 750 / 282 300

Aurland: 399 500 / 459 000

## 8.7 Utsiktsrydding

Ordninga med utsiktsrydding er ei tilskotsordning forvalta av Fylkesmannen, der Felles landbrukskontor ÅLA tek imot søknadane og gjev si innstilling før søknadane blir sendt til endeleg handsaming/vedtak hjå Fylkesmannen.

I meldingsåra er det komme inn fylgjande søknadar;

Lærdal: 2 søknader

Aurland: 7 søknader

Løyving i 2017 / 2018: 115 550 / 107 950

## 8.8 Arbeid med CWD – skrantesjuka

Kontoret har i meldingsåra vore involvert i diverse arbeidsoppgåver som skuldast påvising av skrantesjuka (CWD) på rein i Nordfjella sone 1.

Det er seks kommunar som grensar til dette område, der Lærdal og Aurland er to av kommunane. Det er tilsett lokal CWD-koordinator. Lærdal kommune har arbeidsgjevaransvar og landbrukssjefen er ansvarleg.

Fleire av arbeidsoppgåvene som er tillagt landbrukskontoret har fått vesentleg meirarbeid grunna påvising av CWD. Dette gjeld mellom anna viltforvaltninga, løyve til motorferdsle i utmark, og diverse uttalar og løyver for tiltak og planar i Nordfjella sone 1.

Kostnadane med meirarbeid, vert delvis dekkja av eksterne midlar.

## 8.9 Informasjon

Det vert sendt ut infoskriv til grunneigarane 2 gangar i året og lagt ut informasjon fortløpande på heimesida til landbrukskontoret . I tillegg vert det sendt ut e-postar på infolista som kontoret har utarbeida.

Kontoret får dagleg spørsmål av ulikt slag både via e-post, telefon og besøk på kontoret.

## 9 Prosjekt Sognalam

Dette er eit prosjekt som Felles Landbrukskontor ÅLA har drive saman med sauenæringa.

*Hovudmål for prosjektet:*

*Lage ei sterk merkevare av det reine naturproduktet lam frå kommunane Årdal, Lærdal og Aurland*

*Delmål*

- Styrke merkevara lam frå ÅLA-kommunane
- Utvikle eit produkt for marknaden
- Identifisere styrker og svakheiter
- Auka sal av lammekjøtt heile året
- Jobbe med profil

Prosjektet er formelt avslutta ved årsskifte 2018, med noko etterarbeid i starten av 2019.

Det har vore tilsett prosjektleiar i 60% stilling og det har vore jobba tett med ei arbeidsgruppe frå sauenæringa.

Følgjande leveransar frå prosjektet ligg føre:

1. Film frå Sogn
2. Kva er det sauen beitar på
3. Kva er unikt med produktet, kva er det ein får her som ein ikkje får elles
4. Kven er kunden
5. Oppskriftshefte
6. Forretningsplan
7. SWOT-analyse
8. Etablering av Sognalam SA og vidareføring av prosjektarbeidet
9. Produkt og sal av Sognalam 2018

Prosjektet er finansiert av midlar får kommunane Årdal, Lærdal og Aurland i tillegg til IBU-midlar frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.



**Tabell 24 Budsjett og rekneskap for Prosjekt Sognalåm pr 2018**

<i>Utgifter</i>	<i>2017</i>	<i>2018</i>	<i>Utgifter</i>
Lønskostnader - prosjekt	159481	395527	
Administrasjonskost og studieturar	6014	36840	
Kompetanseheving og studieturar	392		
Produktutvikling	28732	55863	
Diverse		9630	
<b>Sum</b>	<b>194619</b>	<b>497860</b>	<b>692479</b>

<i>Inntekter</i>	<i>Budsjett</i>	<i>Løyvde midlar</i>
IBU-midlar	1000000	502181
Årdal kommune	80000	80000
Lærdal kommune	270000	210000
Aurland kommune	150000	150000
<b>Sum</b>	<b>1500000</b>	<b>942181</b>

## 10 Prosjekt driveplikt

Felles Landbrukskontor ÅLA sette 2018 i gang eit ”prosjekt” for å få kartlagt korleis driveplikta vert oppretthalde i Årdal, Lærdal og Aurland.

I følge jordlova §8 om driveplikt skal jordbruksareal drivast. Driveplikta gjeld for heile eigartida. Eigaren kan driva jorda sjølv eller leiga bort jordbruksarealet på visse vilkår. Ein jordleigeavtale skal vera skriftleg, på minst 10 år og den kan ikkje seiast opp av eigar. Eigar må senda kopi av avtalen til kommunen.

Det vart sendt ut brev til alle grunneigarar av registrerte landbrukseigedommar i ÅLA som har areal det ikkje vert søkt om produksjonstilskot på, eller areal der andre søker om produksjonstilskot, men kommunen ikkje har fått inn jordleigeavtale. Det vart sendt ut 52 brev i Årdal, 120 i Lærdal og 90 i Aurland. Total svarprosent på 84,73 % gjer at landbrukskontoret er svært godt nøgd med tal tilbakemeldingar. Felles Landbrukskontor ÅLA jobbar no med oppfylgjingsarbeid som omfattar mellom anna endringar av markslag, søknad om fritak frå driveplikta og kartlegging av areal som ikkje vert drive.

Tabell 25 Oversikt tilbakemeldingar ”Prosjekt driveplikt”

Kommune	Tal sende brev	Tal svar	Tal ikkje svart	Tal søknadar varig fritak	Tal søknadar disp avtaletidspunkt
Årdal	52	44	8	1	3
Lærdal	120	101	19	5	1
Aurland	90	77	13	1	0
<b>Totalt</b>	<b>262</b>	<b>222</b>	<b>40</b>	<b>7</b>	<b>4</b>

Kjelde: Felles Landbrukskontor ÅLA

Lærdal 20.mars 2019

Felles Landbrukskontor ÅLA

Magnhild Aspevik - landbrukssjef